

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
16/3928-23

Vår ref.
16/8096 - TJU

Dato
13.03.2017

Høyring av kart- og planforskrifta

Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementets brev 20. desember 2016 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

I framlegget til nytt § 5 fyrste ledd tredje punktum i kart- og planforskrifta er det sagt at kartgrunnlaget som skal utarbeidast etter fyrste ledd, skal omfatte «både fysiske og administrative forhold i kommunen», og det er lista opp ein del døme på tilhøve som kan vera med i eit slikt kartgrunnlag. Dette er omtala som forskriftsfesting av gjeldande rettleiing, og det er understreka at opplistinga ikkje er uttømmende. Samstundes er det sagt at dette byggjer på eit ynske om å ta inn meir spesifikke krav til kartfesting av tilhøve som har noko å seia for kommuneplanlegginga. Det er såleis uklart om dette i det heile er meint å vera rettsleg bindande på nokon måte.

Dersom dette berre er meint som rettleiing, kan det heller ikkje reknast som krav til kartfestinga. Vi kan då ikkje sjå noko behov for å ta inn ei slik føresegn i forskrifta. Dersom KMD ynskjer å ta inn nærare krav til kartfestinga, bør ein forskriftsfeste dei eventuelle tilhøva som alltid skal vera med i ein slik samanheng, medan andre aktuelle tilhøve berre bør nemnast i rettleiingar og liknande. Formuleringa «fysiske og administrative forhold i kommunen» er uklar og bør ikkje brukast i forskrifta i noko tilfelle.

I framlegget til overgangsregel er det sagt at planframlegg som er sende inn til kommunen før denne nye endringsforskrifta tek til å gjelde, «kan følge» dei reglane

som gjaldt då planen vart sendt inn. Det er uklart kva som er meint med dette. Er meininga at den som sender inn planframlegget, skal kunne velja om dei nye eller gamle reglane skal gjelde? I så fall bør det koma tydeleg til uttrykk. Vidare er dette truleg berre aktuelt for dei regelendringane som rettar seg mot den som fremjar eit planframlegg. Det er neppe nokon grunn til at dei endringane som rettar seg mot kommunane eller Statens kartverk, som framlegga til endringar i §§ 11, 12 og 15 i forskrifta, ikkje skal gjelde fullt ut frå den dagen endringsforskrifta tek til å gjelde. Det bør difor fastsetjast i overgangsregelen kva for konkrete endringar som ikkje skal gjelde for planframlegg som har vorte sendt inn til kommunen før forskrifta har teke til å gjelde.

Med vennleg helsing

Harald Aass
fagdirektør

Toril Juul
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur